



Til foreldre og føresette i Alver kommune

Først vil eg takke alle foreldre og føresette for ekstra innsats og evne til omstilling i ei uvanleg tid. Eg veit at det har vore krevjande for mange å kombinere eige arbeid med ansvar for heim og heimeskule, men det vi har gjort ilag – kvar på vår kant – gjer at vi snart kan opne opp att ein del av tilboda som har vore stengt i fleire veker.

Desse tilboda opnar først

Regjeringa legg opp til ei gradvis opning av tilboda:

- Måndag 20. april opnar barnehagane opp for alle.
- Måndag 27. april opnar skulane opp for elevar på 1.-4. trinn. SFO opnar også denne dagen.

Elevar på 5.-10. trinn held fram med heimeskule frå og med tysdag 14. april inntil vidare, men målet er at alle skal tilbake på skulen før sommaren.

Vi kjem tilbake med meir informasjon om barn og familiar i risikograppa.

Smitteverntiltak før opning

Regjeringa har valt å utsetje opninga til ei stund etter påske. Dette gir oss god tid til å planlegge.

Vi er i gang med å finne gode og trygge løysingar, og har allereie rutinar for smittevern i barnehagar og skular. Desse vil vi ta fram og sjå på i lyset av det som kjem av retningslinjer frå Folkehelseinstituttet etter påske. Vi kjem til å setje oss grundig inn i desse retningslinjene og følgje råda som kjem her.

Vi vil også gi nødvendig opplæring til tilsette og ha ekstra fokus på reinhald – både på inne- og uteareala våre.

Hald fram med å vaske hendene!

Når vi opnar opp att tilboda våre, er det viktig at alle held fram med det vi har vore gode på hittil – og veit verkar. Vi må vaske hender, hoste og nyse i albogen og halde avstand til kvarandre.

Skal vi få til dette i barnehagane, må vi organisere kvardagen på nye måtar. Vi kan til dømes dele barna inn i mindre grupper med faste vaksn og planlegge for ulik utetid og bruke dei nære tuområda meir.

Treng du nokon å snakke med?

Synes du og/eller barna dine at kvardagen er vanskeleg og har behov for å snakke med nokon?

Det finst mange hjelpetelefonar, som særleg rettar seg mot barn og unge:



- Alarmtelefonen for barn og unge: 116 111
- Mental helse ungdom: 116 123
- Kors på halsen: 800 33 321
- Kirkens SOS: 22 40 04 40
- Rustelefonen: 08588

Har du spørsmål?

Ta kontakt med kontaktlærer eller rektor på skulen eller styrar i barnehagen, om du lurar på noko. Du kan også ta kontakt om det er noko vi skal vere merksame på eller leggje til rette for når det gjeld ditt barn.

— Vi kjem tilbake med meir informasjon til alle foreldre og føresette før vi opnar barnehagane og skulane.

Eg håpar du finn tid til å gjere noko kjekt ilag med dine aller næraste i påsken, og ønskjer deg ein riktig god påske!

.....
Helsing

Kristin Moe
Kommunalsjef oppvekst